



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Gunn-Karin Strømme Pettersen, 5557 2074

Vår dato  
15.03.2018  
Dykkar dato

Vår referanse  
2018/3625 633.9  
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland  
Hordaland fylkeskommune

### Dronning Sonjas skulepris 2018

Fylkesmannen i Hordaland har fått i oppdrag frå Utdanningsdirektoratet å nominere éin eller to kandidatar frå fylket til Dronning Sonjas skulepris. Prisen blir kvart år delt ut til ein skule som har utmerkt seg ved å praktisere likeverd og inkludering. Skulane kan vere frå heile grunnopplæringa. Nominasjon av skulane i fylket gjer gode skular synlege, og gjev skulane ei anerkjenning av deira arbeid.

Nominasjonsprosessen krev ein innsats frå skuleleiinga for å identifisere kandidatar blant grunnskular og vidaregåande skular. Utdanningsdirektoratet inviterer også andre aktørar til å nominere og dei oppmodar ulike organisasjonar til å ta kontakt med skular eller med deira eigarar, som de meiner gjer eit godt arbeid innanfor kriteria for prisen og oppmøde dei om å lansere seg som kandidat til prisen via skuleeigar.

#### *Kriteria for Dronning Sonjas skulepris*

- Skulen arbeider langsiktig, systematisk og kunnskapsbasert med elevane sitt læringsmiljø
- Skulen praktiserer likeverd og inkludering på ein slik måte at kvar enkelt elev opplever å bli verdsett i eit miljø som er prega av medverknad, tryggheit og fellesskap
- Skulen er kjenneteikna ved positive relasjonar mellom elevane og dei tilsette, og elevane imellom, og ved eit godt samarbeid mellom skule og heim.

Dronning Sonjas skulepris er ein prestisjefull pris. Skulen treng likevel ikkje vere ”perfekt” for å kunne nominerast. Det er viktig at juryen får eit godt utval av kandidatar å velje mellom. Det er mogleg å renominere kandidatar frå tidlegare år. Alle nominerte skular vil motta eit diplom, som utmerking for at dei er valde som gode representantar frå fylka. Vinnarskulen mottek eit diplom, kr. 250 000,- og eit kunstverk utforma av Hennar Majestet Dronning Sonja.

Prisen skal etter planen delast ut av Hennar Majestet Dronning Sonja på vinnarskulen 3. desember 2018.

*Korleis nominere kandidatar*

Skuleeigarar og skuleleiinga i kommunane kan fremje aktuelle skular blant grunnskulane, og tilsvarende frå fylkeskommunen når det gjeld aktuelle vidaregåande skular. Utdanningsdirektoratet har laga eit skjema som skolane kan nytte når dei gjer greie for korleis dei arbeider med likeverd og inkludering. Nominasjonen sendast til Fylkesmannen i Hordaland, utdanningsavdelinga, som igjen nominerer desse til Utdanningsdirektoratet. Utdanningsdirektoratet har ein jury som gjer det endelige valet. Juryen blir leia av Dr. philos. Inga Bostad.

Skjema for nominasjon og meir informasjon om prisen finn ein på Utdanningsdirektoratet sine nettsider: [www.udir.no/laring-og-trivsel/skolepriser/dronning-sonjas-skolepris/](http://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolepriser/dronning-sonjas-skolepris/)

Fylkesmannen i Hordaland oppmodar skuleeigarar til å sende inn forslag til kandidatar innan **23. august 2018.**

Med helsing

Anne Hjermann  
utdanningsdirektør

Gunn-Karin S. Pettersen  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*